


Førde IL langrenn - årsmelding 2018



Historiske damer frå Førde IL langrenn: I 2018 stilte Førde IL langrenn for første gong med eit damelag på stafetten i senior NM, som vart avvikla på Gåsbu, Vang i Hedmark. Laget gjorde ein flott innsats og vart nr. 45 av dei 79 laga som fullførte stafetten **Laget bestod av Karoline Holsen Kyte (f.v.) Ane Brekke og Gyrid Øygard.**



FØRDE IDRETTSLAG

LANGRENN

Styret fram til 07.03.18:

Arne Helgheim
Bjørn Kristian Sunde
Asgeir Tveit
Silje A. Solheim
Magne K. Berg
Gry Alnes
Ørjan Igelkjøn
Bente Hermansen

leiar
nestleiar og marknadsansvarleg
økonomi og systemansvarleg
informasjon- og webansvarleg
dugnadsansvarleg
arrangementsansvarleg
miljøansvarleg
vararepresentant

Styret, frå 07.03.18:

Arne Helgheim
Ørjan Igelkjøn
Asgeir Tveit
Monica Otternes
Gry Alnes
Anders Bjørkhaug
Bente Hermansen

leiar
nestleiar og repr. sportsleg utval
økonomi og systemansvarleg
dugnadsansvarleg
arrangementsansvarleg
miljøansvarleg
vararepresentant

Andre funksjonar:

Silje A. Solheim

informasjon- og webansvarleg

Sportsleg utval:

Eivind Skaar
Roger Øye Pollen
Ørjan Igelkjøn (frå styret)

Revisor:

Jan Kåre Raae

Valnemd:

Silje A. Solheim
Bjørn Kristian Sunde

Trenarar:

Treningsgrupper:

1-2 kl.:
3-4 kl.:
5-6 kl.:
7-8 kl.:
9. kl. og eldre:

Ansvarlege trenarar i 2018:

Kristin Burø og Ann T. Kusslid
Eirin Hegrenes og Ola Sølvberg
Leif Sverre Høyvik og Øyvind Helle
Yngve Thorsen og Gert Rørvik
Daniel Tormodset og Asgeir Årdal

Organisatorisk:

Årsmøte vart avvikla 07.03.18. Bjørn Kristian Sunde tok ikkje attval, og gjekk dermed ut av styret. Anders Bjørkhaug kom til som ny styrerepresentant. Styret for FIL langrenn består dermed at seks medlemmer, samt med ein vararepresentant. Silje A. Solheim har elles ivareteke arbeidet med informasjon- og webansvarleg for nettsida også etter at ho gjekk ut styret.

Nytt styre konstituerte seg i styremøte pr. 20.03.18. Styret har i 2018 hatt 11 styremøte frå januar og til utgangen av desember 2018. I tillegg kjem trenarmøter vår og haust, samt årleg representasjon på vår og haustmøta til Sogn og Fjordane Skikrins.

Førde IL langrenn legg bak seg eit aktivt og godt driftsår. Snøforholda var sjeldan stabile og gode, det var køyrt løyper på Langeland frå om lag midten av november månad og vel halvvegs ut i april, og dermed samanhengande vel 6 månader med oppkøyrt løyper. Karusellrenn og dei øvrige arrangementa kunne dermed avviklast etter oppsett plan, og det var stabile og gode treningsforhold gjennom heile skisesongen. Kalsetrennet vart avvikla under fine forhold 25. februar. I tillegg til seks karusellrenn har vi gjennomført Ribberenn eit KM i friteknikk distanse, sonerenn med skicross, samt Kalsetrennet på Langeland. I tillegg kjem det årlege arrangementet for yngre born med skileik, i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane - Kongleleikar.

Heimesida og facebook sida blir aktivt nytta som informasjonskanal. Heimesida er på same «plattform» som hovudlaget, Førde IL langrenn framstår no med ei meir tidsriktig og brukarvenleg heimeside. Facebook-gruppa for Førde IL langrenn er mykje brukt, den forenkler kommunikasjonen i mange tilfelle, som til dømes for løpande aktivitet som treningar. Informasjon om Førde IL langrenn og Langeland Skisenter synes interessant både for våre medlemmar og øvrige som likar langrenn og skiaktivitet.

Styret arbeider etter eit prinsipp der kvart enkelt styremedlem er knytt opp mot ein funksjon og avgrensa ansvarsområde – oppgåvebasert arbeidsfordeling. Hensikta med dette er å kunne drifte gruppa meir effektivt samtidig som ein søker å gjere styrearbeidet meir interessant og oversiktleg gjennom meir definerte arbeidsoppgåver for det enkelte medlem. Etter kvart som aktiviteten aukar, samtidig som nye og stadig meir komplekse løysingar på ulike administrasjonssystem kjem til aktualiserer det behov for kjøp av tenester, ut over det som ordinære honorar dekkjer for styremedlemmer. Dette gjeld spesielt for økonomi og systemansvaret og oppgåver som ajourhald av medlemsregister, Klubbadmin, påmeldingsansvarleg for Sportsadmin, idrettsregistreringa, fakturering, rekneskapsføring, med vidare – her er det gjort eiga avtale i forhold til driftsansvar og oppfølging.

Av saker og tiltak ein har gjennomført i løpet av 2018 kan det nemnast:

- Grasrottrenarkurs på Langeland, 22. februar – 9 unge, lokale deltakarakar
- Medarrangør på Førde Opp og Helse Førde Stafetten
- Medarrangør for rulleskiløpet på Langeland 29. juni – samarbeid med Gaular IL
- Inspirasjonssamling/ motivasjonsseminar på Scandic Sunnfjord Hotel med Steinar Mundal og Gjøran Tefre – 14. oktober
- Enivest Skiskule i oktober månad, i samarbeid Sogn og Fjordane Skikrins og Gjøran Tefre som prosjekt og gjennomføringsansvarleg (11.-14. oktober)
- Arrangør av rulleskirenn på Langeland 14. oktober
- Open dag – aktivitetar samt bytte/kjøp/sal av brukt skiutstyr på Langeland, 20. oktober.
- Trenar og foreldremøte, april og september månad (etter skisesong, før ny sesong)
- Tre ulike miljø/treningssamlingar i løpet av hausten for yngre grupper, barmark/ snø
- Eiga jentesamling – i samarbeid med Skikrinsen.

Enivest Skiskule: lokalt tilbud til utøvarar i alderen 12-16 år



Enivest Skiskule var ei nyvinning i 2017, der ein gjorde seg gode erfaringar. I 2018 gjentok ein dette arrangementet, der 43 deltakar frå ulike delar av fylket deltok i slutten av haustferieveka – 11.-14. oktober. Dette er ein skiskule der Gjørn Tefre er prosjektansvarleg og sportsleg ansvarleg. Basen for aktiviteten var rulleskianlegget på Langeland. Varierte treningsøker, motivasjonsseminar, transport, samt måltid og overnatting på Scandic Sunnfjord Hotel – i tillegg til at det var eit bevisst fokus på det sosiale og at utøvarane skulle ha det kjekt i lag.

Dette lukkast godt, og det var også i 2018 svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane – i tillegg til at trenarane var veldig godt nøgde med innsats og motivasjon frå utøvarane. Gjørn Tefre hadde med seg mangeårig landslagstrenar Steinar Mundal samt Roger Øye Pollen, Brage Burø Sunde, Vetle Uhre Hammersvik, Kjetil Strømmen og Inga Kårstad Skaar frå Førde IL langrenn som trenarar. Skiskulen vart avslutta med at deltakarane kunne delta på rulleskirenn som vart avvikla 14. oktober på Langeland. Om lag halvparten av dei som deltok på Enivest Skiskule var frå Førde IL langrenn, i så måte kan det vere på sin plass å referere til sportsplan for Førde IL Langrenn, der følgande ordlyd framgår:

Grunnverdiar:

Miljøet skal basere seg på idretten sine grunnverdiar og det desse grunnverdiane betyr for den enkelte utøvar og laget:

Førde IL Langrenn legg vekt på grunnverdiar som glede gjennom meistring, fellesskap og helse, og ærlegdom gjennom synlege haldningar.

Målsetjing:

Førde IL Langrenn har som hovudmål å skape eit godt langrennsmiljø for alle aldersgrupper. Førde IL Langrenn sitt fokus er retta mot breiddetilbod og god tilrettelegging for rekruttering til langrennssporten, i samarbeid med Sogn og Fjordane Skikrins. Førde IL Langrenn skal vere synleg lokalt og nasjonalt.

Intensjonen er at Enivest Skiskule skal vere ei årleg hending i haustferieveka framover. Erfaringar og tilbakemeldingane frå involverte partar for dei to åra tiltaket har vore avvikla lovar i så måte godt.

Medlemmar:

I 2017 har en 180 betalende medlemmar (desember 2018). Totalt er det registrert 340 medlemmar via idrettsregistreringa. Det har vore ei positiv utvikling i medlemsmassen over ei årrekke, men dei siste to åra opplever vi ein viss stagnasjon i medlemsmassen. Medlemstala for 2017 og 2018 er elles tilnærma identiske.

Vi vil oppmode til at **alle** som betaler treningskontingent til Førde IL langrenn også betaler medlemskap til Førde IL pr. år. Slik situasjonen er pr. no er det berre 1/3 av dei som er aktive i særgruppene som er medlemmer av Førde IL. Kontingent gjeld pr. kalenderår, to ulike satsar; born opp til og med 15 år, og ein sats for vaksne frå og med 16 år. Til og med 12 år gjeld kontingent også som idrettsforsikrings for born.

Rapportering av antall medlemmer og dugnadsinnsats frå særgruppene/ idrettslaga vil på sikt utelukkande bli berekna ut frå antall medlemmer i særgruppa som har betalt kontingent og dermed årsmedlemskap i hovudlaget. Skal ein kunne oppretthalde nivå som dette gjev i økonomisk støtte til idrettslaga og særgruppene er dette såleis særdeles viktig.



Skistadion på Langeland, slik vi likar å sjå det!

SSF Cup Karusellrenn:

Det var planlagt seks karusell renn som ordinært. Karusellrenna var oppsett etter tradisjonelt mønster, to renn i januar, to i februar og to i mars. dei to sistnemnde er også skimerkerenn og lagsmeisterskap.

Vi samarbeider med Gaular IL med gjennomføring av karusellrenna. Samarbeidet mellom klubbane er positivt for dei aktive i klubbane, og felles arrangement er hensiktsmessig all den tid ein nyttar Langeland Ski og Fritidssenter i fellesskap.



Frå startområdet på Langeland Skisenter.

SSF-Karusell / Sonerenn:

Sonerenn vart gjennomført i midten av februar månad – det vart avvikla som skicross med prolog og deretter fellestartar/heat-finalar for dei ulike aldersgruppene. Inntrykk er at utøvarane synes det er kjekt med avbrekk frå dei vanlege intervallstartane, men også at det er litt uvant, og litt ekstra spenning med startskota! Med denne arrangementsforma sikrar ein også at alle deltakarane får gått løypa to gonger.

30.12.17 vart KM i friteknikk, distanserenn avvikla på Langeland, under fine forhold. Dette var det krinsrennet med flest deltakar gjennom sesongen, der 160 fullførte.



Frå premieutdelingar på Langeland Skisenter - Førde IL langrenn praktiserer full premiering på arrangementa.

Kalsetrennet 2018



Kalsetrennet 2018 gikk av stabelen 25. februar – under fine vêrtilhøve – det 46. rennet i rekka. Det var også klassar for løparar under 13 år. Det er oppretta klasse for 10 år og yngre, samt klasse for 11 og 12 år, både for gutar og jenter. Førstnemnde klasse går 2 km traseen, medan løparar på 11 og 12 år går i 3 km traseen. Det var om lag 250 deltakarar i trimklassen og 96 løparar i dei ulike konkurranseklassane.

Best tid i seniorklassa stod Bodil V. Ryste og Andre Haugsbø frå Gaular IL for. Begge vann med dette napp i vandrepokalen for hhv. dame og herreklassa. Vinnar av Knut Grimeland "Knut" pokalen for beste 3-manns lag vart i 2018 Gular IL, representert ved Andre Haugsbø, Bjørn Borkamo og Torstein Bolstad Blikra.



Bilde til venstre:
Andre Haugsbø, og Bodil V. Ryste, begge Gaular IL vant herre og dame

Bilde til høgre:
Knut Grimeland er gründeren bak Kalsetrennet.
Han har gått Kalsetrennet i 40 år, og er også mannen bak «Knut» pokalen til beste 3-manns-lag.





Foto: Heidi Lise Bakke

Dette er en del av traseen for Kalsetrennet – ei fantastisk ramme for et tradisjonsrikt skiarrangement.



Frå starten av Kalsetrennet i 2016.

Ribberennet 2018 – avlyst grunna snømangel

Årets Ribberenn måtte dessverre avlysast, pga. snømangel, Arrangementet skulle i følge terminlista vore avvikla som kveldsrenn 28.12.18. Etter to år der arrangementet har vore flytta til Hodlekve i Sogndalsdalen grunna snømangel var rennet avvikla i 2017, før det igjen vart avlysing for 2018 grunna snømangel. Vinnar av dame- og herreklassen var i 2017 Karoline Holsen Kyte og Jon Rolf Skamo Hope – her med kvar si ribbeside levert av Spar Amfi Førde.



Vinnarar av Ribberennet 2017, Karoline Holsen Kyte, Førde IL, og Jon Rolf Skamo Hope, Hyen IL.

Premiefesten

Det deltok om lag 250 personar på premiefesten som vart avvikla på Scandic Sunnfjord Hotel søndag 22. april. Det vart delt ut premiar til klubbmeistrar i alle klassar og deltakarmedaljar til dei yngre løparane. Det vart også delt ut merke og/eller statuett til dei som hadde klart dei ulike skimerkekrava.



Skiskule på Sognefjellet, juni månad: Fornøgde utøvarar frå Førde IL langrenn og øvrige klubbar i fylket.

Trening

Det har vore avvikla trenar- og evalueringsmøte gjennom sesongen, høvesvis i april og september og oktober månad. Eivind Skaar; Daniel Tormodset og Yngve Thorsen har vore ansvarlege for den faglege delen av desse møta. Hovudtema for desse møta er evaluering av førre sesong og planlegging av ny sesong. Det er også ein arena for å få på plass trenarar i dei ulike treningsgruppene i forkant av ny sesong.

På innetreningane har vi hatt stor pågang av treningsvillige born og ungdommar. Vi har hatt ca.180 barn og unge på trening kvar veke.

Gruppa frå 13 år og oppover:

Fellestreningar heile året. To fellestreningar pr. veke.

Vår/ sommar / haust: Rulleski, fjellturar, sirkeltrening, jogging med vidare.

Vinter: Skitrening etter timeplan - Langeland.

Gruppe 7 – 8 år: Fellestrening frå oktober med innetrening.

Gruppe 9 – 10 år: Fellestrening frå oktober med innetrening.

Gruppe 11-12 år: Fellestrening frå oktober med innetrening og jogging ute.



Førde IL profilen Marius Vedvik har tidlegare deltatt på treningsøker for yngre utøvarar.

Førde IL Langrenn deltek kvart år i Helse Førde Stafetten - i 2018 hadde vi to lag med i seniorklassa, der 1.laget gjekk heilt til topps, og 2. laget vart nr. 7 - i tillegg vant juniorlaget sin klasse. Ut over dette deltok også fleire av våre utøvarar i singelklassa, og fullførte dermed heile stafetten på eiga hand.

Mange medlemmar av Førde IL langrenn deltok også i Førde Opp, andre motbakkeløp og løpsarrangement – med mange gode resultat.



Laget frå Førde IL langrenn som vant juniorklassa under Helse Førde Stafetten 2018. Bilde frå venstre Mathias Helgheim, Elias Husa, Linnea Lundekvam, Ulrik Nilsen, Martin Espe og Erik A. Litsheim.



Profilar: Torstein Bu og Gjørn Tefre – her avbilda under KM på Langeland i januar 2016.
Foto: Stig Roger Eide, Firda.

Miljø- og treningssamlingar, hausten 2018:

Førde IL langrenn har gjennomført ulike samlingar for ulike grupper av yngre utøvarar:

Miljøsamling Langeland 20. september – eiga jentesamling, open for heile Sunnfjord.

Enivest Skiskule; 11.-14. oktober: 20 deltakarar frå Førde i alderen 12 – 15 år.

Miljøsamling Beitostølen 23.-25. november for årgang 2000-2004.

39 deltakarar - ein miks av aktive, søsken og føresette. I tillegg har Førde IL langrenn vore godt representert m.a. på Sognefjellet Skiskule og miljø-samlinga på Ullsheim i september, begge desse tiltaka er arrangert av Sogn og Fjordane Skikrins.

Fellesnemnar for samlingane har vore at foreldre har stilt opp til ulike dugnadsoppgåver på dei lokale samlingane, og dermed bidrege til at dei ulike tiltaka har vore vellukka så vel sportsleg som sosialt. God oppslutning frå aktuelle utøvarar, og tilbakemeldingar som tyder på at dette er noko ein bør søke å gjennomføre også for kommande år.



Gjørn Tefre har vore en god bidragsytar på ulike samlingar i klubbregi i 2018.

Landsrenn:

Førde IL Langrenn har vore godt representert på landsrenn i 2018: NM junior og senior, Statoil Norgescup, junior og senior, Hovudlandsrennet og Ungdommens Holmenkollrenn, samt øvrige landsrenn:

Norgescup jr. på Beitostølen 5.-7.1		5/10 km klassisk	Sprint fri	5/15 km fri		
Eirik Nordeide Berg	M 19/20	220	204	199		
Vetle Uhre Hamersvik	M 19/20	154	99	66		
Brage Burø Sunde	M 19/20	67	39	29		
Ane Brekke	K 18	36	79	50		
Synneva Iren Kvile	K 18	46		38		
Øystein Støfring	M 17	176	127	144		
Sebastian Tveit	M 17	173	177	178		
Gyrid Øygard	K 17	51	51	27		
Skandinavisk cup Piteå 5.-7.1		Sprint	15 km fri			
Torstein Bu		34	54			
NM del 1 Gåsbu 10.-14.1		Sprint	15 km fri	30 km skiathlon	Stafett	
Gjørn Tefre		26	5			
Torstein Bu		29	62	53		
Roger Øye Pollen			112			
Karoline Holsen Kyte					45	
Ane Brekke					45	
Gyrid Øygard					45	
Ungdommens Holmenkollrenn 3.-4.2		3 km klassisk	3 km fri			
Aksel Bjørkhaug	G 13	119	75			
Magnus Furnes Degnepoll	G 13	79	31			
Kasper Holme	G 13	169	132			
Sigve Hafstad Ottesen	G 13	32	36			
Martin Espe	G 14	139	99			
Tobias Holme	G 14	117	74			
Elias Amsrud Husa	G 14	105	102			
Ole Martin Nondal	G 14	161	154			
Andreas Tefre	G 14	54	39			
Thomas Tefre	G 14	67	71			
Guri Line Brekke	J 13		105			
Ida Kristin Nondal	J 13	121	110			
Jenny Sølvberg	J 13	115	125			

Mali Monica Engesæter	J 14	72	66			
Linnea Otternes Ludekvam	J 14	38	82			
Norgescup på Åsen 9-11.2		Sprint	20/30 km klassisk	10/15 km fri		
Gjørn Tefre	M senior	1		8		
Torstein Bu	M senior	9	19	44		
Adrian Helgheim	M senior	89	105			
Karoline Holsen Kyte	K senior		16			
Norgescup Jr. i Holmenkollen 16.-18.2		5/10 km fri	Sprint	7,5/10/15 km klassisk		
Brage Burø Sunde	M 19/20	68	80	48		
Vetle Uhre Hammersvik	M 19/20	110	135	75		
Eirik Nordeide Berg	M 19/20		212	198		
Andreas Bjørvik Fugle	M 19/20	143	187	133		
Gyrid Øygard	K 17	43	72	64		
Synneva Iren Kvile	K1 8	38		40		
Ane Brekke	K 18	33		47		
Inga Kårstad Skaar	K 19/20	61		76		
Hovudlandsrennet på Lygna 23.-25.2		5/7,5 km klassisk	Sprint fri	langrennscross	Stafett (krins)	
Hedda Kleiven Eikeset	J 15	142	177	130		
Kristina Skaflestad Hegrenes	J 15	151	181			
Henriette Skaflestad Hegrenes	J 16	136	156			
Steffen Sjøvold-Igelkjøn	G 15	235	203	213	87	
Thristan Engebø Ullebø	G 16	99	105	27	32	
Oliver Bosdal Thorsen	G 16	120	153	92	32	
Skandinavisk cup i		Sprint fri	10 km	15 km fri	Samanla	

Trondheim 22.-25.2			klassisk		gt	
Torstein Bu		14	96	71	77	
Adrian Helgheim		131	174	156	159	
Gjøran Tefre		4	34	6	9	
Verdscup i Lahti 3.3		Sprint				
Gjøran Tefre		14				
Junior-NM Steinkjer 2.-4.3		7,5/10/15/20 km klassisk	5/10 km fri	Stafett (krins)		
Vetle Uhre Hammersvik	M 19/20	39	107	20		
Brage Burø Sunde	M 19/20	50	53	20		
Andreas Bjørvik Fugle	M 19/20	95	105	61		
Eirik Nordeide Berg	M 19/20	200	221	113		
Gyrid Øygard	K 17	49	18	35		
Ane Brekke	K 18	23	30	35		
Synneva Iren Kvile	K 18	54	32	35		
Inga Kårstad Skaar	K 19/20	67	60	35		
NM del 2 Alta 5.-7.4		Lagsprint	10 km klassisk	50 km fri		
Torstein Bu		5	119	34		
Gjøran Tefre		5	24			
Holmenkollen Ski-show 14.6		Finale				
Gjøran Tefre		12				
Blink skifestivalen i Sandnes 1.-4.8		Sprint	15 km	Lysebotn opp		
Gjøran Tefre		4	27			
Torstein Bu			7			
Håvard Gutubø Bogetveit				34		
Ole Martin Erdal				58		
Toppidrettsveka Aure 16.-18.8		Sprint	24 km klassisk	Skiathlon	Jaktstart	Samanlagt
Gjøran Tefre		6	100	57	3	8
Beitostølen 15.-18.11		Sprint	15 km fri			

Gjøran Tefre		4	12			
Torstein Bu		15	66			
Gålåsprinten 23.-25.11		15 km fri	Sprint	15 km klassisk		
Gjøran Tefre	M senior	5	11			
Torstein Bu	M senior	30	26	53		
Eirik Nordeide Berg	M junior		131			
Vetle Uhre Hammersvik	M junior		140			
Verdscup på Lillehammer 30.11-2.12		Sprint fri	15 km fri	15 km klassisk	Samanlagt	
Gjøran Tefre		13	50	51	51	
Skandinavisk cup Østersund		Sprint				
Torstein Bu		56				



Rulleski løp i Bygstad, 23.06.17 - Storehesten Opp - med teknisk arrangør Førde IL langrenn.

Representasjon Team Veidekke Vest /Sogn og Fjordane Skikrins i 2018:

Førde IL Langrenn har følgende representasjon på region og krinslag, totalt **18 utøvarar**:

2 utøvarar på regionslaget Team Veidekke Vest, satsingslag i regi av NSF:

Torstein Bu
Gjørn Tefre



Gjørn Tefre og Torstein Bu

1 utøvarar på Kretslag, senior:

Adrian Helgheim

12 utøvarar på Kretslag eldre junior og junior:

Brage B. Sunde, Vetle U. Hammersvik, Eirik N. Berg, Sebastian Tveit, Øystein Støfring, Tristan E. Ullebø, Oliver B. Thorsen, Inga K. Skaar, Synneva I. Kvile, Ane Brekke, Gyrid Øygard og Henriette Hegrenes

1 utøvarar på Impulslaget:

Steffen Igelkjøn, Hedda Eikeset og Kristina Hegrenes

Vidaregåande utdanning/skigymnas:

Førde IL Langrenn har ein utøvarar som går på Voss Gymnas toppidrett, Synneva I Kvile. Ved Meråker Vidaregåande Skule har vi Brage B. Sunde.



Deltakarane på rulleskirennnet Storehesten Opp samla etter premiering. Mange av desse frå Førde IL langrenn - som i tillegg også representerer på region og krinslag.

Utdanning:

Smørjekurs: Førde IL Langrenn i samarbeid med Erdal Sport har gjennomført smørjekurs for nybyrjarar og vidarekomne. Førde IL Langrenn ynskjer at alle skal få gode opplevingar i skisporet. Vi ser at smørjekurs er ein viktig del av rekrutteringsarbeidet, og har i så måte gjennomført basis opplæring i samband med open dag arrangementet på Langeland.

Det har vore heile fem deltakarar frå klubben på NSF-trenarkurs (trenar 1) på Sognefjellet i juni 2018: Roger Øye Pollen, Anders Bjørkhaug, Lars Petter Degnepoll, Ane Brekke og Renate Øye Pollen. Roger Øye Pollen deltok i tillegg på trenar-2 kurset.

Det er viktig at vi kan klare å rekruttere fleire til å delta som trenarar, vi har eit stort behov for nye trenarkrefter. Med stor pågang av nye aktive i yngre årsklassar vonar vi at fleire i foreldregruppa kan blir med å bidra. Drifta er som kjent dugnadsbasert, og då er vi avhengig av at foreldre og dei som er med i miljøet bidrar aktivt.

Økonomi:

Førde IL langrenn har over ei årrekke hatt ein stabil økonomi. For 2018 vart det likevel eit årsresultat på kr 121190,- i minus. I forhold til budsjett så er dette eit noko svakare resultat enn forventa, då budsjettet var sett opp med eit resultat på kr - 97000,-. I 2018 investerte Førde IL langrenn i nye tidtakarbrikker til Emit-tidtakarsystemet. Dette hadde en kostnad på om lag kr 100000,-. I tillegg har vi i 2018 kjøpt inn premiar i større grad enn budsjettet, dette er innkjøp til lagsmeisterskap og Kalsetrenn - der det er kjøpt inn for meir enn eitt års forbruk, slik sett vil det bli et lågare forbruk for denne posten for kommande år. Bakgrunn for det negative resultatet er såleis i hovudsak dei nye tidtakarbrikkene, ei investering som var naudsynt om vi skal ha nytte av den øvrige infrastrukturen for dette systemet. Så lenge vi får avvikla dei planlagde arrangementa sikrar vi samtidig mykje av innteninga for gruppa. Om vi klarer å halde fram med ei stabil rekruttering av yngre utøvarar vil dette danne grunnlag for vidare drift med noverande aktivitetsnivå. Vi viser elles til rekneskapen for vidare detaljar.

Oppsummering:

2018 er det første året vi har hatt tilgang til det nye rulleskianlegget på Langeland gjennom heile sesongen. At vi no har fått på plass eit tidsriktig rulleskianlegg er svært positivt for gruppa og våre utøvarar, og dette gjev oss lokalt langt betre forutsetningar i forhold til tilbod og rekruttering.



Aktivitet på rulleskianlegget på Langeland, her frå jentesamling hausten 2018.

Sportsleg, er det faktum at løparar som **Gjørn Tefre** og **Torstein Bu** hevdar seg i tetbildet nasjonalt motiverande og inspirerande for alle innoverte i og rundt Førde IL langrenn.

5. plass på lagsprint for Gjørn og Torstein på NM del II, samt ei rekke sterke individuelle plasseringar er viktige bidrag, som truleg også vil kunne vere bidrag for å sikre rekrutteringa til langrennssporten framover. Spesielt må Gjørn Tefre nemnast med seier i mellom anna Norgescup renn og fleire sterke bidrag i World Cup. At vi no har fått realisert rulleskianlegget på Langeland og at dette dermed framstår som eit heilårsanlegg er svært viktig - både med tanke på sikkerheit for dei aktive, og for at vi skal ha nødvendig treningsområde i barmarkssesongen.

Snøproduksjonsanlegget kan stå som eit godt eksempel på den dugnadsbaserte drifta som er utgangspunkt for det aller meste av aktivitet i gruppa. Når det gjeld snøproduksjon er dette i regi av Langeland Skisenter og i samarbeid med Gaular IL.

Vi vil uttrykke stoltheit over det vi får til i Førde IL langrenn, og engasjementet rundt arbeidet som vert gjort. I tillegg til utøvarane sin framgang og prestasjonar, vil ein også nemne alle foreldre, støtteapparat, trenarar, medlemmar av styret og dugnadsfolk som legg ned mykje arbeid i samband med førebuing og rennavvikling - og som fraktar utøvarar til trening og renn.

Førde IL langrenn sin aktivitet er tufta på at frivillige stiller opp, og er såleis dugnadsbasert. Det er heilt avgjerande at vi klarar å halde på dette. Den store aktiviteten krev eit stadig større apparat, både i forhold til trening, renn og generell drift. Karusellrenn krev ein dugnadstab på vel 30 personar, SSF Cup/krinsrenn krev om lag 40 personar pr arrangement. Når vi i løpet av 2018 har arrangert 10 slike arrangement er behovet nærmare 400 personar /funksjonar – for å avvikle dei ulike arbeidsoppgåvene som framgår av mannskapsliste – der oppgåvene er beskrive via gjeremålsliste. I tillegg kjem planlegging, førebuing og administrative oppgåver knytt til arrangementa. Ein vonar såleis at langrennsmiljøet, og då spesielt dei føresette til aktive born **ser behovet for at ein må yte dugnadsinnsats** for at drift i forhold til trening, samlingar og arrangement skal la seg avvikle på best muleg vis. Dette kjem dei aktive til gode, og er såleis avgjerande for at vi fortsatt skal

kunne tilby gode rammevilkår og gjennom det sikre fortsatt god rekruttering for langrennssporten i Førde.

Vidare ei stor takk til våre **samarbeidspartnarar og sponsonar** som i stor grad gjer det muleg for Førde IL langrenn og kunne gje det tilbodet som vi gjer til våre aktive. Nyttar også høve til å takke styret i **Langeland ski- og fritidssenter** for godt samarbeid og felles innsats til det beste for langrennssporten.



Langeland Skisenter er base for all skiaktivitet i regi av Førde IL langrenn – her i fugleperspektiv.

Førde, 25.02.2019

Arne Helgheim
Førde IL langrenn
-styreleiar-



FØRDE IL
LANGRENN

Generalsponsor:



sparebanken
sogn og fjordane

Hovudsponsorar:

Erdal Sport



**Åsen &
Øvrelid as**



FØRDE IL
LANGRENN

Sponsorar:



Våpenloftet a/s

BØRSEMAKARVERKSTAD
(2. ET. ERDAL SPORT)
EIVEGÅRDEN, 6800 FØRDE
TLE 57 72 23 40



Førde Sementvare

arnes
frisørhjørne



Andre samarbeidspartnarar:

Scandic
SUNNFJORD HOTEL & SPA

findriv

PULS FØRDE
- Kom som du er!

Kontorsenteret
Canon FACIT

BILTEMA

RIS BILGLASS
BILSKADESENTERET AS